

TINGVOLD SANATORIUM

Av Helge Husby



Mange har nok levd i den trua at Vonheim var eit Tingvoll-foretak frå starten av. Men som ein del andre initiativ og satsingar i kommunen vår gjennom åra, er det folk utifrå som har stått bak. Tuberkulosen herja stygt i Norge, og rundt år 1900 døydde rundt 7000 menneske for året - noko som var på toppen blant europeiske land. Det er sagt at somme la skulda på separatoren, som vart innført samtidig som tuberkulose - eller tæring - herja i bygd og by. Folk la samme to og to, og sjølv sagt vart folk sjuke av å drikke separert mjølk, blåmjølk! Vi dreg litt på smilebandet av dette i dag - men vi veit aldri, for mjølkfettet er svært sunt for både kropp og sjel.

Det var legar og sanitetskvinner i Kristiansund som tok initiativet til å bygge eit sanatorium på «landet», der folk kunne reise og puste inn frisk og rein luft. Her i fylket var det nemleg berre Reknes på Molde som tok imot tæringpasientar. Tanken kom opp i 1904, da «bylege Trumpy» og sanitetskvinner tok det opp. Men fart på sakene vart det ikkje før på ekstraordinær generalforsamling i Kristiansund sanitetsforening i 1909. Det vart vedteke at ein skulle gå inn for å byggje ein «kombinert rekonvalesent- og pleiehjem» for Kristiansund og Nordmøre. Trumpy vart formann i ein «tuberkulosekomité», og Tingvoll vart snart utpeka som ein sentral stad å legge heimen.